



Kvinnherad kommune

Fellestenester
Informasjonsavdelinga

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

Hordaland Fylkeskommune



Saksbehandlar
Solveig Hus Hansen

Tlf. direkte innval
53483139

Vår ref.
2015/1314-7

Dykkar ref.
«REFDATO»

Dato
23.06.2015

Moglegheitsstudie for fylkesvegsamband knytte til E39

Kvinnherad kommunestyre hadde saka føre i møte 18.06.2015 som sak 2015/34.

Vedlagt følger utskrift frå møteboka der vi syner til vedtaket.

Med helsing

Solveig Hus Hansen
møtesekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Tormod Fossheim

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen

Matti Torgersen

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2015/1314-5

Saksbehandlar

Tormod Fossheim

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2015/58	Formannskapet	04.06.2015
2015/34	Kommunestyret	18.06.2015

Rapport frå Hordaland fylkeskommune sitt moglegheitsstudie for fylkesvegsamband knytte til E39

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad kommunestyre tek rapporten frå Hordaland fylkeskommune sitt moglegheitsstudie for fylkesvegsamband knytte til E39 til etterretning. Rapporten vil vera viktig i det vidare arbeidet med Kvinnheradspakken samt arealdelen og samfunnsdelen til kommuneplanen.

Behandling i Formannskapet den 04.06.2015

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ KJELL YRI (V):

1. Kvinnherad kommune meiner beste alternativ med bru over Langenuen, er den sørlege kryssinga.
2. Kvinnherad kommune ser det som naudsynt at Sunnhordlandsdiagonalen – bru mellom Kvinnherad og Stord – over Hardangerfjorden, vert vurdert som beste løysing.
3. Fram til bru/veg mellom Kvinnherad og Stord er realisert, ynskjer Kvinnherad kommunestyre at ferja skal gå mellom Sunde i Kvinnherad og Jektevik på Stord.

Røysting:

Kjell Yri sitt forslag fekk 1 røyst og fall.
Rådmannen si innstilling fekk 7 røyster.

Innstilling frå Formannskapet den 04.06.2015

Kvinnherad kommunestyre tek rapporten frå Hordaland fylkeskommune sitt moglegheitsstudie for fylkesvegsamband knytte til E39 til etterretning. Rapporten vil vera viktig i det vidare arbeidet med Kvinnheradspakken samt arealdelen og samfunnsdelen til kommuneplanen.

Behandling i Kommunestyret den 18.06.2015

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ HÅKON RØSTBØ(UAVH), HEGE L RØSSLAND(SV), GRETHA RØD(AP) OG ODDVAR R LARSEN(V):

1. Kryssing i sør og påkoblingspunkt nærast mogleg Hodnanes er avgjerande for realisering av

Kvinnherad kommune
-fellesskap og trivsel –utvikling og vekst

Sunnhordlandsdialogen og fast vegsamband Kvinnherad-E39/Stord.

2. Fram til bru/veg mellom Kvinnherad-E39/Stord er realisert, skal det arbeidast for at ferjesambandet Kvinnherad – Stord så snart det let seg gjera vert mellom Sunde og Jektevik.
3. Det må arbeidast for å skifta ut ferjeflåten med raskare og meir miljøvenlege ferjer.

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ SYNNØVE HANDELAND(V):

Set fram forslaget til Kjell Yri(V) frå formannskapet 4.juni på nytt.

- Forslaget vart trekt før avrøysting.

Røysting:

34 repr under avrøysting

Nytt framsett forslag frå Håkon Røstbø (Uavh) m.fl. fekk 11 røyster og fall.

Formannskapet si innstilling fekk 23 røyster og vart vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 18.06.2015

Kvinnherad kommunestyre tek rapporten frå Hordaland fylkeskommune sitt moglegheitsstudie for fylkesvegsamband knytte til E39 til etterretning. Rapporten vil vera viktig i det vidare arbeidet med Kvinnheradspakken samt arealdelen og samfunnsdelen til kommuneplanen.

Saksutgreiing:

Innleiing

Fylkesutvalet vedtok den 19. juni 2014 å setja i gang arbeid med eit moglegheitsstudie for fylkesvegsamband som vert tverrsamband til E39 for strekninga Bergen – fylkesgrensa til Rogaland. Studiet skulle vurdere tiltak i fylkesvegnettet som vil styrkja sørlege Hordaland som ein konkurransedyktig og godt integrert bu- og arbeidsmarknad.

Konsulentfirma Sweco A/S vart engasjert til å gjennomføra studiet. Ordførarane i dei berørte kommunan har vore representerte i kontaktutvalet, og rådmennene har hatt representantar i administrativ referansegruppe.

Generelt

Rapporten frå studiet ligg no føre. Det er forutsett at E39 vert bygd etter midre trase mellom Stord og Os, men ulike andre trasear, td for kryssing av Langenuen, vert ikkje vurderte.

Forutsetningane for arbeidet elles har vore at betre transportsamband og kortare reisetid gjev grunnlag for auka regional utvikling og trafikkvekst. Trafikkveksten vil igjen føra til press på- , og etter kvart utbetring av fylkesvegnettet og yttarlegare nedkorting av reisetidene i dei berørte kommunane.

Kortare reisetid vil føra til folkevekst og behov for større arealreserve for bustadbygging med tilhøyrande sosial og teknisk infrastruktur. Dette medfører at regionen og kommunane gjennom planlegging av vegprosjekt og arealdisponering, kan styra folkeveksten til samfunnsmessig mest gunstige område.

Rapporten konkluderer med at det vil gi gode resultat å styra folketalsauken inn mot regionale sentra og ta øvrig vekst som foretting kring lokale sentra. Då vert trafikkeveksten kring sentrale aksar, og det vil igjen gjera det lettare å prioritera tiltak i fylkesvegnettet.

Kvinnherad

Rapporten peikar på to aksar som er sentrale for Kvinnherad si tilknytning til E39: Over Stord og Årsnes – Gjermundshamn. Rapporten vurdert 2 tiltak på fylkesvegnettet som vil ha stor innverknad på trafikken langs desse aksane:

- 1) Nytt ferjesamband mellom Kvinnerad og Stord; og
- 2) Brusamband Os – Fusa.

Når det gjeld 1) Ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord, vurderer rapporten 14 ulike sambandskombinasjonar. (Sjå figuren).

Ny ferjekai på Klosterneet i Kvinnherad og Buvika på Stord vil gi kortast reisetid frå Husnes: 70 min til Leirvik, 89 min til Haugesund og 96 min til Bergen.

Når det gjeld 2) Brusamband Os – Fusa viser rapporten til at for største delen av Kvinnherad er det i dag raskast å køyra til Bergen over ferjesambandet Årsnes – Gjermundshamn.

Med ny E39 og ferjealternativ Klosterneet – Buvika, vil skilje gå om lag med Seimsfoss. Dersom det vert bygd bruer over Samnangerfjorden frå Ådland til Rød, vil skiljet verta frå Uskedalen og utover.

Folketalsutvikling

Som følgje av endra reisetid, vil det også verta ei endring i utviklingsmønsteret for busetting i studieområdet.



Tabell 8-29 Oversikt alternativer for ferjesamband Stord - Kvinnherad


		Meter	Minutt		Reisetid, sum ferje og køyretid			
STORD	KVINNHERAD	Strekning	Overtart	Ventetid	SUM FERJE	Husnes - Leirvik	Husnes - Haugesund	Husnes - Bergen
Skjersholmene	Ranavik	14370	43	15	68	88	108	126
Leirvik	Ranavik	11250	38	15	63	78	105	116
Buvika	Ranavik	8630	27	15	42	75	94	102
Huglo	Ranavik	4150	15	15	30	92	111	105
Jektevik	Ranavik	13149	40	15	66	91	110	110
Skjersholmene	Klosterneet	11710	36	15	61	81	101	118
Leirvik	Klosterneet	8650	31	15	48	71	99	110
Buvika	Klosterneet	6640	22	15	37	70	89	96
Huglo	Klosterneet	2640	11	15	28	88	107	101
Jektevik	Klosterneet	12500	38	15	63	89	108	108
Leirvik	Gunde	14550	52	15	87	77	105	116
Buvika	Gunde	11730	42	15	67	75	94	101
Huglo	Gunde	7030	29	15	44	91	110	103
Jektevik	Gunde	13710	47	15	82	83	102	102
Skjersholmene	Gunde	17500	57	15	72	87	108	125
Skjersholmene	Borgundøy	14120	50	15	86	98	119	136

Kjelde: Sweco



Det er i rapporten laga ei framskrivning fram til 2040 med ulike tenkte alternativ.

Referansealternativet er statistisk sentralbyrå si framskrivning og den viser eit folketal i Kvinnherad på knappe 15.000.



Med E39 og alternativet for spreidd regional vekst i knutepunkt (Alt 3), viser modellen at E39 kan gje eit folketal i Kvinnherad stort 22.500 i 2040.

Oppsummering

Studiet og rapporten viser at Kvinnherad si satsing på Husnes som regionalt senter vil gje god samfunnsutvikling. For å få størst mogeleg verknad av E39 viser rapporten at vidare utvikling må styrast langs Fv 48 og aksane mot E39 over Stord og sambandet Årsnes - Gjermundshamn. Dette samsvarer også bra med Kvinnherad kommune sin rådande samferdslestrategi nedfelt i ymse kommunestyrevedtak.

Rapporten viser at nedkorting av ferjesambandet Kvinnherad – Stord er eit tiltak som vil gje stor samfunnsnytte, og Klosterneiset – Buvika vil gje kortast reisetid mot Leirvik, Haugesund og Bergen. Kort reisetid medfører også auka frekvens.

Sjølv utan E39 viser rapporten at trafikken over Årsnes vil auka frå ÅDT 600 i dag til 1400 i 2040. (Trafikkmodellen har teke omsyn til at Folgefonntunnelen vert gratis). Det betyr at dette sambandet vert det klart mest trafikkerte i Hordaland og ny E39 og tiltaka på fylkesvegnettet som er påpeika i rapporten vil gje ytterlegare auke.

Økonomisk konsekvens

Studiet og rapporten har ikkje direkte økonomisk konsekvens for kommunen, men fylkeskommunen vil nytta rapporten i samband med utarbeiding og prioriteringar til RTP 2018 – 2027.

Miljømessig konsekvens

Store fysiske inngrep og auka trafikk, som er ein føresetnad for bygging av ny E39 og tilhøyrande tverrsamband, vil ha miljømessige konsekvensar. Dette har ikkje vore eit tema i rapporten.

Veldegg:

- Samandrag av rapporten

- Lekkje til heile rapporten:
Samandrag av rapport frå moglegheitsstudie E39